Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Masfjorden

Emne: Lynging og mosing | Bygdelag: Nordbygda

Oppskr. av: Ola R. Mitbö | Gard: Höstelan

(adresse): Höstelan | G.nr. 14 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lynging.

Der har ikkje vöre nokon forandring i maaten aa sanke lyng paa i manns minne. Heller ikkje er her nokon tradisjon om slik forandring.
Dei hev alle dagar sköre lynget med sigd.
Lyngsigd: ein vanleg sigd med stutt skaft.

A. Lyngleiv sankast.

Ja, dei sankar lyng endaa, især naar det vil verta knapt med höyet om vaarane. Men lyngsjæring er paa langt nær ikkje so mykje bruka no so i min ungdom i 1890 aara. Daa var lyngsjæringa ei fast önn, om hausten især, men ogso om vinteren og vaaren.
Dei samla heile lyngstaal, der det kunde vera samanpakka opttil 100 lyngbyre. Naar lynget var sköre turt og godt samanpakka heldt det seg friskt heile vinteren. Den svære lyngsjæringa slutta etterkvart som gardane vart betre opdyrka, og daa folk tok til aa kjöpe kraftfor.
2. Naar ein var ferdig med det andre utearbeidet om hausten – i fyrstraden av november – tok lyngsjæringa til.
Var veret slik at ein fekk samle det ein vilde för jul, var det stogg i lyngsjæringa til i marts. Daa laut ein til att, naar det var raad til det.
3. Som fö sagt brukar ein sigd. Men ute paa öyane der ein svidde lynget, og der vaks att fint svelyng, kunde ein

1681

slaa lynget med ljaa – gjerne langorv. Med hendene riv ein lynget der det vert brŭka til brendsel. – revelyng.
4. Lyngsjæring var og er baade mannfolk og kvinnfolkearbeide – ikkje minst kvinnfolkarbeid.

5. Lynget veks ikkje oppat her før om 4–5 aar, so det kan skjerast.
6. Ein ber det paa rygg. Naar ein sjær lynget, sjær ein so mykje ein har rom til – paa kneet – i fanget – i røyra. Dette kallar ein – ei røyr, eller eitt kne. – Naar røyra er full set ein lynget med endarne ned einstad. So sjær ein ei røyr til og set attaat den fyrste. Naar ein hev fenge 5 røypa hev ein til eitt faang. Naar ein hev 5 eller 6 faang hev ein ei byre. Ein dugeleg lyng=sjærar kunde greie optil 5–6 byre om dagen, men jamnaste vart det ikkje meir enn 4 byre dei stutte vinterdagane. Og so kom det an paa om den so skar skulde fengje og leggje paa. Aa bere lynget heim var mest mannfolkarbeid.
7. Den vert ikoptrakka i staal.
8. Den lyng ein skar vart brŭka til kjyr og helst til ungnaut. Beista faar den i ei jift for seg – ilag med høi eller anna for. Kor mykje kvart beist faar er „individuelt". Kor mykje ein treng er vandt aa seie. Før brŭka dei so mykje ein berre kunde skrape ihop.
9. Ja, lyng var halde for godt for. Men der var stor skilnad paa lyng. Fint vejukt teglelyng so vaks paa solsida var mykje betre enn eldre hardt lyng med mykje turre greiner. Om vaaren naar groren var komen i lynget vilde ikkje beista eta det.
B. Lyng som beite. Før hende det at sume let nautbeist ga i utmarka om hausten for aa eta lyng, men no er der ingen som gjer det lenger. Men sauene (og geitene) tyt ŭt naar snjoen ikkje er for stor. Dei et lyng og sprakje og kva dei finn. Før var det vanleg aa brøyte vei aat dei og slaa snjoen av so dei skulde naa betre til. No er ikkje det brŭka. Det var vanleg i alle aar. Det var helst rekna som vommefyll, men det hjelpte no til
II Mosing. Aa ta mose som for hev ikkje vore brŭka her. Men dei tok mose til undebrøytke (strø)

1681
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Transport av lyng.

Naar ein skulde til aa bere lynget heim la ein fyrst tòget ut attmed lyngdungen. Det var eitt vanleg hesjetòg-lyngtòg, ca. 4 famnar langt med trehöld.

So var det aa fengje. Ein la seg gjerne paa kne eller stod attmed lyngdungen og „förde" lynget attaat fötterne i smaa porsjonar og soleis at lyngblökkene laag om einannan so fengja heldt godt saman. Ein laga fengja ca. ~~80~~ 60 cm. breid og tok so mykje i henne so ein rakk og traadde ein kunne greie. So la ein fengja paa tòget eitt stykkje fraa höldi. So laga ein ny fengje og la paa eine sida av den fyrste med eine kanten oppaa hi. So ei tie paa hi sida So tvo oppat paa og gjerne ei tie oppaa alt. So laut ein „gjyre" byra. Ein tok endane av tòget gjenom höldi og drog ihop. Det var noko av ein kunst aa leggje ei lyngbyre godt paa. For byra „utor" for ei jente sa dei at ho „kjia". Sume la den ferdige lyngbyra paa tvert paa eitt anna tòg. Daa var dei tryggare.

Fyrste fengja paalagd.



Lyngsigd



1681

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING